



Arkivsaknr: 2025/10568-1
Sakshandsamar: Eirik Sætre
Avdeling: Miljø og byggesak

SAKSFRAMLEGG

Tilsynsstrategi for Alver kommune 2026-2028

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre vedtar tilsynsstrategien for 2026-2028.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 25-1, jf. byggesaksforskriften § 15-1.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for areal, plan og miljø.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saka gjeld

Alle kommunar er gjennom plan- og bygningslova pålagt å føre tilsyn i byggesaker. Vidare er det krav til at kommunen skal utarbeidde strategi for tilsynet etter plan- og bygningslova, jf. byggesaksforskriften § 15-1.

Strategiplanen gjer greie for kva tema, fagområde, sakstyper mv. Alver kommune vil følgje opp etter plan- og bygningslova. Vidare gjer strategien greie for korleis desse skal prioriterast i perioden 2026-2028. Vidare gjer planen greie for organisering, ressursar, verkemiddel og finansiering av tilsynsordninga.

Saksopplysningar

Endringslogg i frå førre plan og Tilsynsstrategi Alver kommune 2026-2028 ligg som vedlegg i saka.

Sakshistorikk

Strategien for perioden 2026–2028 er i hovudsak ei vidareføring av strategien frå førre periode. Den største endringa er eit tydelegare skilje mellom større og «normale»

ulovlegheiter i strandsona, samt ei nedprioritering av eldre ulovlegheiter. Redaksjonelle endringar er ikkje viste i endringsloggen.

For førre periode har det ikkje lukkast å utarbeide ein påliteleg rapport som viser korleis kommunen har følgt opp strategien. Dette skuldast nytt sakshandsamingssystem, nytt arkivsystem, prioriteringar og avgrensa tilgang på ressursar for å manuelt utarbeide rapporten.

Vurderingsgrunnlag

Plan- og bygningslova skal følgjast i kommunen. Kommunen har difor plikt til å føre tilsyn med byggetiltaka. Kommunen bestemmer derimot sjølv korleis tilsynsverksemda blir organisert, og kva som er målet for kommunen.

Med andre ord kan kommunen prioritere ein type ulovlegheit høgare eller lågare, men kan ikkje velje å ikkje følgje opp ein bestemt type tiltak. Strategien kan ikkje omfatte tiltak eller hendingar som blir handsama etter anna lovverk.

Det er særleg kapittel 5.2 i strategien som gir rom for politisk skjønn. Gjennomføringa av tilsyn og ulovlegheitsoppfølging blir i hovudsak styrt av forvaltningslova og plan- og bygningslova.

Partar

Strategien skal ikkje sendast på uttale eller godkjennast av andre mynde.

Økonomiske konsekvensar

Finansiering av tilsyn og ulovlegheitsoppfølging skjer gjennom sjølvkostprinsippet og dekkast av byggesaksgebyret, tvangsmulkt, lovbrotsgebyr.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Det er ingen endring i bemanning som krevs for arbeidet. Det er i dag cirka to stillingar som jobbar med tilsyn og ulovlegheiter etter plan- og bygningslova.

Miljømessige konsekvensar

Prioritering av type tiltak kan få noko å seie for kor raskt vi kan gripe inn ved inngrep i naturen. Dette kan òg påverke korleis allmenta oppfattar kommunen når dei ferdast i t.d. natur- og kulturlandskap. Ut over dette reknar vi med at strategien har liten direkte verknad på miljøet.

Vedlegg

- 1 Tilsynsstrategi Alver kommune 2026-2028
- 2 Endringslogg 2026-2028